



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Kommunestyret
Møtedato:	13.02.2025
Møtetid:	15:00 - -22:20
Møtestad:	Austrheim samfunnshus, Kafeen på samfunnshuet

Frammøtte faste medlemmer

Namn	Rolle	Parti	Merknad
Morten Sognnes	ordfører	H	
Hege Ramsland	medlem	H	
Aslak André Bakke	medlem	H	
Kristoffer	medlem	H	
Myklebusthaug			
Per Lerøy	varaordfører	AP	
Ann Kristin Leirvåg	medlem	AP	
Terje Håland	medlem	AP	
Monika Thorpe	medlem	AP	
Reidar Ulvøy	medlem	AP	
Anette Kaland	medlem	AP	
Ingeborg Lohne	medlem	SAM	
Hordvik			
Bjørn Inge Håland	medlem	SP	
Dyrkolbotn			
Reidar Øksnes	medlem	SP	
Gro Kaland	medlem	SP	
Frank Erik Øksnes	medlem	Uavh	

Faste medlemmer som ikkje møtte

Namn	Rolle	Parti
Oskar Nordgard	MEDL	H
Renee Hansen Semmingsen	MEDL	SAM

Frammøtte varamedlemmer

Namn	Rolle	Parti	Merknad
Tore Svendsen		SAM	
Odd-Marthin Totland		H	

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Bjørnar Fjellhaug	kommunedirektør
Odd Harald Dommersnes	økonomi- og HR sjef
Anne Hildegunn Færøy	kommunalsjef
Asbjørn Nagell Toft	plansjef
Christopher Marius Straumøy	jurist
Kristin Nesbø	møtesekretær

Møteprotokollen vert publisert på kommunen si nettside. Den er mellombels godkjent av utvalsleiar eller ordførar i etterkant av møtet, og vert endeleg godkjent i neste møte.

Kristin Nesbø

Møtesekretær

Sakliste

Saksnummer	Sakstittel	Unntak frå innsyn
PS 2/2025	Godkjenning av innkalling og sakliste - kommunestyret 13. februar 2025	
PS 3/2025	Godkjenning av møteprotokoll frå 12. desember 2024	
OS 1/2025	Orienteringar frå kommunedirektøren - KS 13.02.2025	
RS 1/2025	Referatsaker til kommunestyremøtet 13. februar 2025	
RS 2/2025	IUA Bergen region KO - Protokoll fra styremøte 5. desember 2024	
RS 3/2025	Referat fra Områdeutvalg Nordhordland 13.09.24	
RS 4/2025	Referat frå Områdeutval Nordhordland 06.12.24	
RS 5/2025	Arbeidsløyssetala for januar 2025 frå NAV Nordhordland	
RS 6/2025	Ferie- og fridagar for skule- og barnehageåret 2025-26 - versjon 2	
PS 4/2025	Avtale om vertskommunesamarbeid Landbruk	
PS 5/2025	Saksframlegg - senterbygg Mastrevik torg	
PS 6/2025	Innspel til forvaltingsplan for Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområde	
PS 7/2025	Orientering om tilstanden på Lerøy kai på gbnr. 158/72 - Lerøy	
PS 8/2025	Drøfting av bustadbygging på gbnr. 131/115 på kommunale ferdigregulerte bustadtomtar - Kalandfeltet	
PS 9/2025	Kommuneplanen sin samfunnsdel for Austrheim kommune 2025-2037, planid. 4632_2023001 - Offentleg ettersyn	

PS 10/2025	Kommuneplanen sin arealdel for Austrheim kommune 2019-2029, planid. 2013001- Planoppstart av mindre planendring
PS 11/2025	«KS Debattheft 2025. Frå forventning til verkelegheit – om forventningsgapet»
PS 12/2025	«KS Debattheft 2025. Frå forventning til verkelegheit – om mellomoppgjeret 2025 og strategisk utvikling av avtaleverket»
PS 13/2025	Vurdering av Eigarskapsmodell for nytt Basseng
PS 14/2025	Garanti Austrheim Sokn - Refinansiering og nytt låneopptak
PS 15/2025	Utvida kassakreditt
PS 16/2025	Prioritering av midlar til kulturbygg i kommunen
PS 17/2025	Flagging på Nordliheimen
PS 18/2025	Søknad om permisjon frå kommunestyre og kontrollutval - Oskar Nordgard
PS 19/2025	Revidering av reglement for Levekårsutvalet
PS 20/2025	Aksjonæravtale med Norsk kjernekraft
PS 21/2025	Arbeidsgruppe for nybygg eller rehabilitering av Austrheim vidaregåande skule.

PS 2/2025 Godkjenning av innkalling og sakliste - kommunestyret 13. februar 2025

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Innkalling og sakliste vert godkjent

Sak 2/2025 Godkjenning av innkalling og sakliste - kommunestyret 13. februar 2025
Kommunestyret - 13.02.2025

Handsaming:

Ordførar refererte framlegg til vedtak.

Handsaming i møtet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 2/2025 Godkjenning av innkalling og sakliste - kommunestyret 13. februar 2025
Kommunestyret - 13.02.2025

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Innkalling og sakliste vert godkjent

PS 3/2025 Godkjenning av møteprotokoll frå 12. desember 2024

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Møteprotokoll frå 12. desember 2024 vert godkjent.

Sak 3/2025 Godkjenning av møteprotokoll frå 12. desember 2024

Kommunestyret - 13.02.2025

Handsaming:

Tore Svendsen SL - viste til spørsmål og svar i desembermøtet som han savna frå protokollen. Kommentarer om barna i barnevernet vert ivareteke, og ønske om landbrukskontor 40% stilling der Senterpartiet foreslo at ein skal komme tilbake til det ved budsjetthandsaming i desember 2025.

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug svarte at i reglementet og i kommunelova står det tydeleg kva protokollen skal innehalde. Debatten i sakene er ikkje ein del av det som skal refererast i protokollen. Det er vedtakene kommunedirektøren held seg til. Politikarane kan be om protokollførsel.

Reidar Øksnes (Sp) - sa at det ikkje var bedt om protokolltilførsel i saka om landbrukskontor.

Ordførar refererte framlegg til vedtak: Protokollen vert godkjent med kommentarane til Tore Svendsen.

Handsaming i møtet:

Samrøystes for framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 3/2025 Godkjenning av møteprotokoll frå 12. desember 2024

Kommunestyret - 13.02.2025

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokoll frå 12. desember 2024 vert godkjent med følgjande kommentarar frå Tore Svendsen (SL):

Kommentarer om barna i barnevernet vert ivareteke, og ønske om landbrukskontor 40% stilling der Senterpartiet foreslo at ein skal komme tilbake til det ved budsjetthandsaming i desember 2025.

OS 1/2025 Orienteringar frå kommunedirektøren - KS 13.02.2025

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Kommunestyret tek orienteringane til vitende.

Sak 1/2025 Orienteringar frå kommunedirektøren - KS 13.02.2025
Kommunestyret - 13.02.2025

Handsaming:

- Bodil Monslaup leiar i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne orienterte om rådet og kva saker dei jobbar med og bør vere involvert i.
- Laila Bjørge og Maya F. Greve frå landbrukskontoret i Alver orienterte om landbrukskontoret, og landbruk i Austrheim.
- Roar Valestrand og Magnus Bergesen - Coop og Boligsenterert i Bergen orienterte om planar for Mastrevik Torg.
- Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug seier at fleire orienteringar kjem i neste møte. Sjukefårværet i Austrheim går rett veg det går nedover. For januar 2025 er vi nede på 8 % mot 10, 4 på same tid i fjor.
Spørretime i neste møte den 10. april. Spørsmål må vere levert 48 timar før møtestart for å få svar i møte.
Sak 09/17 - Austrheim kommune går i forhandling om kjøp av veg i Mongstadkrysset næringsområde og avtala blir lagt fram for kommunestyret så snart som mogeleg. I ein del føresetnader i budsjettet ligg sal av tomter, som ikkje er solgt. Nokre investeringar blir derfor sett på vent til tomtane er solgt. Nokre pumpestasjonar, ombygging kommunehuset blir sett på vent. Prosjekta som er i gang går vidare.
- Økonomi og HR-sjef Odd Harald Dommersnes orienterte om gjeldsrapporten frå desember og om skatteinngang.

- Kommunalsjef Anne Hildegunn Færøy orienterte om prehospital plan og ambulanseteneste.
- Morten Sognnes orienterte på vegne av kommunalsjef Bjarte Rosenlund om utvikling i sak om Atomkraftverk.

Ordførar refererte framlegg til vedtak.

Handsaming i møtet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 1/2025 Orienteringar frå kommunedirektøren - KS 13.02.2025
Kommunestyret - 13.02.2025

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Kommunestyret tek orienteringane til vitende.

RS 1/2025 Referatsaker til kommunestyremøtet 13. februar 2025

RS 2/2025 IUA Bergen region KO - Protokoll fra styremøte 5. desember 2024

RS 3/2025 Referat fra Områdeutvalg Nordhordland 13.09.24

RS 4/2025 Referat frå Områdeutval Nordhordland 06.12.24

RS 5/2025 Arbeidsløysetala for januar 2025 frå NAV Nordhordland

RS 6/2025 Ferie- og fridagar for skule- og barnehageåret 2025-26 - versjon 2

PS 4/2025 Avtale om vertskommunesamarbeid Landbruk

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtek å inngå ny avtale om vertskommunesamarbeid med Alver kommune for drift av felles landbrukskontor for Alver, Austrheim og Modalen, i tråd med framlagt forslag.

Sak 7/2025 Avtale om vertskommunesamarbeid Landbruk

Formannskapet - 30.01.2025

Handsaming:

Kommunalsjef Bjarte Rosenlund orienterte om saka, jamfør saksframlegget.

- Landbrukssjef Laila Bjørge kjem til kommunestyret 13. februar for å orientera om arbeidet deira.

Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) spurte om denne saka burde vore handsama av Landbruksfagrådet.

Per Lerøy spurte om det var vanskeleg å ta denne saka til Landbruksfagrådet før eit eventuelt vedtak.

Plansjef Asbjørn Toft sa at det nok er greit å få denne avtalen vedteke no.

Per Lerøy (Ap) ba om at innan budsjettmøtet i desember 2025 så skal denne avtalen evaluerast, med uttale frå Landbruksfagrådet, før handsaming i budsjettmøtet.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vedtak i sak 7/2025 Avtale om vertskommunesamarbeid Landbruk

Formannskapet - 30.01.2025

Tilråding frå formannskapet: Kommunestyret vedtek å inngå ny avtale om vertskommunesamarbeid med Alver kommune for drift av felles landbrukskontor for Alver, Austrheim og Modalen, i tråd med framlagt forslag.

Sak 4/2025 Avtale om vertskommunesamarbeid Landbruk
Kommunestyret - 13.02.2025

Handsaming:

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug la fram sak jf. saksutgreiinga.

Tore Svendsen (SL) fremma forslag om tillegg til vedtak:

1. Ber om at innan budsjettmøtet i desember 2025 så skal denne avtalen evaluerast, med uttale frå Landbruksfagrådet, før handsaming i budsjettmøtet.
2. Ber om at det legges ved årsmelding som viser timelister pr. sak og kva saker og kva synfaringer som er foretatt.

Per Lerøy (Ap), Reidar Øksnes (Sp) tok også ordet i saka.

Ordførar: Vi røyster først over kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak og deretter for eit og eit punkt i framlegget frå Samlingslista.

Handsaming i møtet:

Ordførar refererte kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Samlingslista sitt framlegg til tillegg til vedtak:

Punkt 1: Bjørn Inge Dyrkolbton (Sp), Gro Kaland (Sp), Reidar Øksnes (Sp), Ingeborg Hordvik (SL) og Tore Svendsen (SL) stemte for framlegget, dei 12 andre representantane stemte mot, og framlegget fall.

Punkt 2. Framlegget fekk støtte frå Tore Svendsen (SL) han stemte for og dei 16 andre representantane stemte mot, og framlegget fall.

Ordførar refererte kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Handsaming i møtet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 4/2025 Avtale om vertskommunesamarbeid Landbruk
Kommunestyret - 13.02.2025

Kommunestyret vedtek å inngå ny avtale om vertskommunesamarbeid med Alver kommune for drift av felles landbrukskontor for Alver, Austrheim og Modalen, i tråd med framlagt forslag.

PS 5/2025 Saksframlegg - senterbygg Mastrevik torg

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

- 1.Kommunestyret ber kommunedirektøren gå vidare med utgreiing av planar kring samarbeid med Coop Eigedom om nytt senterbygg på Mastrevik Torg. Det skal vurderast om dette er formålstenleg for kommunen si framtidige arealbruk og økonomi.
- 2.Det skal setjast ned ei arbeidsgruppe beståande av ein representant frå Coop Eigedom, politisk og relevante representantar frå administrasjonen.
- 3.Den planlagde og vedtekne større ombygginga av kommunehuset vert sett på vent inntil denne saka er avklart. Mindre naudsynte tilpassingar vil likevel måtte gjennomførast no.

Sak 5/2025 Saksframlegg - senterbygg Mastrevik torg
Kommunestyret - 13.02.2025

Handsaming:

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug la fram saka jamfør saksutgreiinga.

Per Lerøy (Ap) framlegg til tillegg til vedtak:

Tillegg til punkt 1:

Det skal utgreiast om kommunen kan inngå ein avtale med sentereigar om bygging av leilegheiter med tilvisingsavtalar i tråd med Husbanken sine reglar.

Punkt 2 blir endra til:

Det skal setjast ned ei arbeidsgruppe beståande av ein representant frå Coop Eigedom, representantar for dei butikkdrivane på Mastrevik Torg, politisk og relevante representantar frå administrasjonen.

Bjørn Inge Dyrkolbotn (Sp) og Aslak Bakke (H), Ingeborg Hordvik (SL) og Frank Erik Øksnes (Uavh.) tok også ordet i saka.

Bjørn Inge Dyrkolbotn (Sp) foreslo Ingeborg Hordvik (SL) og Morten Sognnes (H) som representantar i arbeidsgruppa.

Ordførar refererte framlegg til vedtak.

Handsaming i møtet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak med tillegg fremma frå Ap i møtet, og politisk oppnemde representantar.

Vedtak i sak 5/2025 Saksframlegg - senterbygg Mastrevik torg Kommunestyret - 13.02.2025

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

- 1.Kommunestyret ber kommunedirektøren gå vidare med utgreiing av planar kring samarbeid med Coop Eigedom om nytt senterbygg på Mastrevik Torg. Det skal vurderast om dette er formålstenleg for kommunen si framtidige arealbruk og økonomi. Det skal utgreiast om kommunen kan inngå ein avtale med sentereigar om bygging av leilegheiter med tilvisingsavtalar i tråd med Husbanken sine reglar.
- 2.Det skal setjast ned ei arbeidsgruppe beståande av ein representant frå Coop Eigedom, representantar for dei butikkkdrivane på Mastrevik Torg, politisk og relevante representantar frå administrasjonen.
- 3.Den planlagde og vedtekne større ombygginga av kommunehuset vert sett på vent inntil denne saka er avklart. Mindre naudsynte tilpassingar vil likevel måtte gjennomførast no.

Representantar til arbeidsgruppa: Ingeborg Hordvik (SL) og Morten Sognnes (H)

PS 6/2025 Innspel til forvaltingsplan for Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområde

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Austrheim kommune har viktige innspel til forvaltingsplanen, desse står i saksutgreiinga under Vurdering. Austrheim kommune ber om at desse innspela vert teke med i arbeidet med forvaltingsplanen vidare, og at dei større viktige tiltaka som er nemnd vert prioritert i Statsbudsjettet framover. Med desse tiltaka inn i forvaltningsplanen vil me sikra ei heilskapleg forvaltning av dette marine verneområdet.

Sak 6/2025 Innspel til forvaltingsplan for Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområde

Formannskapet - 30.01.2025

Handsaming:

Plansjef Asbjørn N. Toft orienterte om saka, jamfør saksframlegget.

Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) spurte om det vert restriksjonar på flytebrygger, her svara Toft at det vert ikkje omfatta.

Per Lerøy (Ap) spurte om planen vil påverka inntak og utslepp av vatn til bassenget, som til dømes kjølevatn til og frå eit kjernekraftverk på Mongstad. Asbjørn Toft svara at det nok heller ikkje dag vert løyve til å sleppa ut varmt vatn i denne marine vernesona/Lurefjorden, det må gå til Fensfjorden.

Morten Sognnes (H) og Per Lerøy (Ap) oppmoda administrasjonen til å sjekka ut kva restriksjonar som denne planen kan leggja på eit mogleg kjernekraftverk eller andre aktivitetar som sognar til Lurefjorden

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vedtak i sak 6/2025 Innspel til forvaltingsplan for Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområde
Formannskapet - 30.01.2025

Tilråding frå formannskapet: Austrheim kommune har viktige innspel til forvaltingsplanen, desse står i saksutgreiinga under Vurdering. Austrheim kommune ber om at desse innspela vert teke med i arbeidet med forvaltingsplanen vidare, og at dei større viktige tiltaka som er nemnd vert prioritert i Statsbudsjettet framover. Med desse tiltaka inn i forvaltningsplanen vil me sikra ei heilskapleg forvaltning av dette marine verneområdet.

Sak 6/2025 Innspel til forvaltingsplan for Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområde
Kommunestyret - 13.02.2025

Handsaming:

Plansjef Asbjørn N la fram saka jamfør saksutgreiinga.

Ordførar refererte framlegg til vedtak.

Handsaming i møtet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 6/2025 Innspel til forvaltingsplan for Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområde
Kommunestyret - 13.02.2025

Austrheim kommune har viktige innspel til forvaltingsplanen, desse står i saksutgreiinga under Vurdering. Austrheim kommune ber om at desse innspela vert teke med i arbeidet med forvaltingsplanen vidare, og at dei større viktige tiltaka som er nemnd vert prioritert i Statsbudsjettet framover. Med desse tiltaka inn i forvaltningsplanen vil me sikra ei heilskapleg forvaltning av dette marine verneområdet.

PS 7/2025 Orientering om tilstanden på Lerøy kai på gbnr. 158/72 - Lerøy

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret drøftar Lerøy kai og kjem med ein klar konklusjon til kommunedirektøren på korleis framdrifta skal vera her. Det bør drøftast om det bør byggjast ein ny kai her, eller om alternativet er riving og fjerning av kaien og tilbakeføring av landskapet her.

Sak 7/2025 Orientering om tilstanden på Lerøy kai på gbnr. 158/72 - Lerøy
Kommunestyret - 13.02.2025

Handsaming:

Plansjef Asbjørn N. Toft la fram saka jamfør saksutgreiinga og viste bilete frå Lerøy.

Per Lerøy (Ap) la fram framlegg til vedtak:

Kommunestyret ber kommunedirektøren henta inn tilbod frå lokale entreprenørar på reparasjon av Lerøy kai. Tilbodet bør innehalda framlegg til reparasjonsmetode og pris for gjennomføring slik tilbodet frå H.Sandvik var utforma i 2013.

Parallelt med dette må kommunedirektøren søkja etter finansieringsordningar som sikrar ei rask oppgradering av kaien utan for store økonomiske utlegg for kommunen.

Reidar Ulvøy (Ap) og Aslak Bakke (H) tok også ordet i saka.

Kommunedirektøren la fram saka utan framlegg til vedtak:

Ordførar refererte framlegg til vedtak frå Ap:

Handsaming i møtet:

Samrøystes sitt framlegg til vedtak framlagt i møte.

Vedtak i sak 7/2025 Orientering om tilstanden på Lerøy kai på gbnr. 158/72 - Lerøy
Kommunestyret - 13.02.2025

Kommunestyret ber kommunedirektøren henta inn tilbod frå lokale entreprenørar på

reparasjon av Lerøy kai. Tilbødet bør innehalda framlegg til reparasjonsmetode og pris for gjennomføring slik tilbødet frå H.Sandvik var utforma i 2013.

Parallelt med dette må kommunedirektøren søkja etter finansieringsordningar som sikrar ei rask oppgradering av kaien utan for store økonomiske utlegg for kommunen.

PS 8/2025 Drøfting av bustadbygging på gbnr. 131/115 på kommunale ferdigregulerte bustadtomtar - Kalandfeltet

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret drøftar vidare framdrift for å få på plass ei bustadutbygging i dette kommunale ferdigregulerte bustadområdet. Kommunestyret kjem med ei klar tinging til kommunedirektøren her som administrasjonen kan arbeida vidare med.

Sak 8/2025 Drøfting av bustadbygging på gbnr. 131/115 på kommunale ferdigregulerte bustadtomtar - Kalandfeltet
Kommunestyret - 13.02.2025

Handsaming:

Plansjef Asbjørn N. Toft la fram saka jamfør saksutgreiinga.

Per Lerøy (Ap) framlegg til tillegg til vedtak:

Det må lagast ei oversikt over byggjeklare bustad- og næringstomtar i kommunal eige på kommunen si heimeside. I tillegg må det leggjast ut informasjon om kor og kor mange bustadar som kan byggjast i dei ulike bygdene i kommunen.

Reidar Øksnes (Sp) framlegg til vedtak:

Kommunestyret sender saka attende til formannskapet.

Aslak Bakke (H) tok ordet i saka.

Ordførar refererte framlegg til vedtak: Framlegget frå Reidar Øksnes (Sp) med tillegg frå Per Lerøy (Ap)

Handsaming i møtet:

Samrøystes for framlegg til vedtak fremma i møte.

Vedtak i sak 8/2025 Drøfting av bustadbygging på gbnr. 131/115 på kommunale ferdigregulerte bustadtomtar - Kalandfeltet
Kommunestyret - 13.02.2025

1. Kommunestyret sender saka attende til formannskapet.
2. Det må lagast ei oversikt over byggjeklare bustad - og næringstomtar i kommunal eige på kommunen si heimeside. I tillegg må det leggjast ut informasjon om kor og kor mange bustadar som kan byggjast i dei ulike bygdene i kommunen.

PS 9/2025 Kommuneplanen sin samfunnsdel for Austrheim kommune 2025-2037, planid. 4632_2023001 - Offentleg ettersyn

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Kommunestyret vedtek at diskusjons- og høyringsutkast til **Kommuneplanen sin samfunnsdel for Austrheim kommune 2025-2037, planid. 4632_2023001** datert den 31.01.2025 skal leggjast ut på offentlig ettersyn. Grunngevinga er gjeve i saksutgreiinga.
Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 11-14.

Sak 9/2025 Kommuneplanen sin samfunnsdel for Austrheim kommune 2025-2037, planid. 4632_2023001 - Offentleg ettersyn
Kommunestyret - 13.02.2025

Handsaming:

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om saka jamfør saksutgreiinga.

Ordførar refererte framlegg til vedtak.

Handsaming i møtet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 9/2025 Kommuneplanen sin samfunnsdel for Austrheim kommune 2025-2037, planid. 4632_2023001 - Offentleg ettersyn
Kommunestyret - 13.02.2025

Kommunestyret vedtek at diskusjons- og høyringsutkast til **Kommuneplanen sin samfunnsdel for Austrheim kommune 2025-2037, planid. 4632_2023001** datert den 31.01.2025 skal leggst ut på offentleg ettersyn. Grunngevinga er gjeve i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 11-14.

PS 10/2025 Kommuneplanen sin arealdel for Austrheim kommune 2019-2029, planid. 2013001- Planoppstart av mindre planendring

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret sender ut følgjande forslag til mindre planendring av **Kommuneplanen sin arealdel for Austrheim kommune 2019-2029, planid. 2013001**:

Sak 10/2025 Kommuneplanen sin arealdel for Austrheim kommune 2019-2029, planid. 2013001- Planoppstart av mindre planendring
Kommunestyret - 13.02.2025

Handsaming:

Plansjef Asbjørn N. Toft la fram saka jamfør saksutgreiinga

Ordførar refererte framlegg til vedtak.

Handsaming i møtet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 10/2025 Kommuneplanen sin arealdel for Austrheim kommune 2019-2029, planid. 2013001- Planoppstart av mindre planendring
Kommunestyret - 13.02.2025

Kommunestyret sender ut følgjande forslag til mindre planendring av **Kommuneplanen sin arealdel for Austrheim kommune 2019-2029, planid. 2013001:**

Forslag 1 er at denne føresegna vert teke ut i gjeldane kommuneplan sin arealdel:

§ 2.1.3 Næring b. Næringsområda innafor den tidligare storulukkegrensa kan ikkje nyttast til etableringar med hovudformål å tiltrekke seg mest mogeleg alment publikum.

Forslag 2 er at plankartet vert endra slik i oppdatert kommuneplan sin arealdel:

På plankartet til kommuneplanen sin arealdel vert ny omsynsone H350 og storullukkegrense som er utarbeida av Equinor Mongstad som vist på hensynsonekartet datert den 23.12.2022.

Grunngjevinga er gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova sin § 11-17.

PS 11/2025 «KS Debattheft 2025. Frå forventning til verkelegheit – om forventningsgapet»

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram til politisk drøfting og kommunedirektøren vil samanfatta høyringssvar etter dei politiske signala.

Sak 10/2025 «KS Debattheft 2025. Frå forventning til verkelegheit – om forventningsgapet»
Formannskapet - 30.01.2025

Handsaming:

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om saka, jamfør saksgrunnlaget.
Det blir orientert vidare om saka under handsaminga i kommunestyret.

Per Lerøy (Ap) sa at dette er ei type sak som burde vore grundig diskutert politisk, kanskje det burde vore eit temamøte i kommunestyret?

Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) støtta at dette er ei sak som bør brukast tid på.

Bjørnar Fjellhaug sa at det er notert at det bør setjast av tid i kommunestyret 13. februar for å handsama dette, ein legg opp til færre andre saker for å få tid nok.

Bjørn Inge Haaland Dyrkolbotn (SP) viste til 2024-handsaminga, der kommunedirektøren hadde enkelte konkrete framlegg til vedtak.

Fjellhaug svara at han vil komma med framlegg til kommunestyret, og det vert sett av tid til drøftingar. Kommunedirektøren fekk oversendt innspel frå Utdanningsforbundet for å ta med seg dette i arbeidet.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vedtak i sak 10/2025 «KS Debattheft 2025. Frå forventning til verkelegheit – om forventningsgapet»
Formannskapet - 30.01.2025

Tilråding til kommunestyret:

Saka vert lagt fram til politisk drøfting og kommunedirektøren vil samanfatta høyringssvar etter dei politiske signala.

Sak 11/2025 «KS Debattheft 2025. Frå forventning til verkelegheit – om forventningsgapet»
Kommunestyret - 13.02.2025

Handsaming:

Saka vart lagt fram til politisk drøfting, kommunestyret delte seg i grupper.
Kommunedirektøren samanfatta høyringssvar:

Folkevalde:

1. Reduksjon og handtering av forventningsgapet:

- Tydelig forventningsavklaring.
- God oversikt over kommunens økonomiske situasjon og realistiske rammer.
- Trygg styring og risikoreduksjon.
- Klare og lettfattelige vedtak, godt forklart for tenestemottakarane.
- Prioritering av lovpålagte tenester.

2. KS si rolle i å bistå kommunane:

- Vidareformidling av utfordringane kommunane står i til nasjonale styresmakter.
- Fokus på dei økonomiske utfordringane og behovet for betre rammevilkår.

Innbyggjarar:

3. Skape forståing for avgrensa ressursar og prioriteringar:

- **Tydelig kommunikasjon:**
 - Kva som må prioriterast først (lovpålagte tenester).
 - Kva som må utsettast eller ventast med.
- **Engasjement og informasjonsspreiing:**
 - Involvere innbyggjarane gjennom bygde- og folkemøte.
 - Gi klar informasjon om kva endringar som krevst for utvikling og framtidsretta løysingar.
 - Våge å selje for å bygge noko nytt og meir framtidsretta.
 - Klargjere kva endringar ein må akseptere for å oppnå forbetringar, som t.d. bygging av nye eldre- og omsorgsbustader.
- **Ikkje skape unødvendige forventningar:**
 - Realistiske valprogram.

Nasjonale styresmakter:

4. Viktige budskap til nasjonale styresmakter:

- Øremerking av midlar, men med større handlingsrom for kommunane.
- Nok pengar følger med kvar ny oppgåve kommunane får.
- Oppretting av ein statleg kompetansepool som små kommunar kan dra nytte av.
- Betre oppgavedeling for å bruke ressursane meir effektivt.

Handsaming i møtet:

Samrøystes for at kommunedirektøren samanfattar høyringssvara.

Vedtak i sak 11/2025 «KS Debattheft 2025. Frå forventning til verkelegheit – om forventningsgapet»

Kommunestyret - 13.02.2025

Folkevalde:

1. Reduksjon og handtering av forventningsgapet:

- Tydelig forventningsavklaring.
- God oversikt over kommunens økonomiske situasjon og realistiske rammer.
- Trygg styring og risikoreduksjon.
- Klare og lettfattelige vedtak, godt forklart for tenestemottakarane.
- Prioritering av lovpålagte tenester.

2. KS si rolle i å bistå kommunane:

- Vidareformidling av utfordringane kommunane står i til nasjonale styresmakter.
- Fokus på dei økonomiske utfordringane og behovet for betre rammevilkår.

Innbyggjarar:

3. Skape forståing for avgrensa ressursar og prioriteringar:

- **Tydelig kommunikasjon:**
 - Kva som må prioriterast først (lovpålagte tenester).
 - Kva som må utsettast eller ventast med.
- **Engasjement og informasjonsspreiing:**
 - Involvere innbyggjarane gjennom bygde- og folkemøte.
 - Gi klar informasjon om kva endringar som krevst for utvikling og framtidsretta løysingar.
 - Våge å selje for å bygge noko nytt og meir framtidsretta.
 - Klargjere kva endringar ein må akseptere for å oppnå forbetringar, som t.d. bygging av nye eldre- og omsorgsbustader.
- **Ikkje skape unødvendige forventningar:**
 - Realistiske valprogram.

Nasjonale styresmakter:

4. Viktige budskap til nasjonale styresmakter:

- Øremerking av midlar, men med større handlingsrom for kommunane.
- Nok pengar følger med kvar ny oppgåve kommunane får.
- Oppretting av ein statleg kompetansepool som små kommunar kan dra nytte av.
- Betre oppgavedeling for å bruke ressursane meir effektivt.

PS 12/2025 «KS Debattheft 2025. Frå forventning til verkelegheit – om mellomoppgjeret 2025 og strategisk utvikling av avtaleverket»

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Saka er drøfta og følgande innspel vert gjeven:

Mellomoppgjeret 2025

5. Kva innspel har din kommune/fylkeskommune til KS i forkant av mellomoppgjeret 2025, til dømes knytt til: økonomisk ramme, prioriteringar, sentrale eller lokale lønstillegg og liknande?

Svar:

KS bør arbeide for ei økonomisk ramme som sikrar balanse mellom god ressursforvaltning og konkurransedyktig løn for rekruttering og stabilisering av arbeidskraft. Dette er spesielt viktig for stillingar med rekrutteringsutfordringar som helse, omsorg, tekniske fag og utdanning.

Prioriteringar:

- Prioritere stillingar med stor samfunnsverdi der rekruttering er utfordrande.
- Styrke midlar til kompetanseutvikling og etterutdanning for tilsette.

Sentrale eller lokale lønstillegg:

- I størst mogleg grad bør det vere sentrale lønstillegg.
- Lokale lønstillegg kan sikre at kommunen kan tilpasse seg spesifikke rekrutteringsbehov i ulike tenestemråde, men då må det setjast av ei reell ramme til lokale tingingar. Ei utfordring med lokale lønstillegg kan vere at det skapar konkurranse mellom kommunar og det vert ei overbyding på ulike stillingar som elles er like.

KS bør samtidig sikre ei berekraftig utvikling av sentrale tillegg som ikkje overstig budsjettmessige rammer.

Strategisk utvikling av avtaleverket

6. Dagens garantilønssystem gir stillingsgrupper med same kompetansekrav lik sentral garantilønn, uavhengig av tenesteområde. Ivaretek dette garantilønssystemet kommunen sine behov, og er det eit ønske om at det vidareførast?

Svar:

Garantilønssystemet bidrar til likestilling på tvers av stillingsgrupper, men kan vere rigid i situasjonar med sterk konkurranse om arbeidskraft. Kommunen kan ha behov for meir fleksibilitet for å gje høgare løn til kritiske stillingar der konkurransen med privat sektor er stor.

Er det eit ønskje om vidareføring?

Garantilønssystemet bør vidareførast, men det er naudsynt med ein moglegheit for lokale justeringar for å betre møte behov i ulike sektorar og tenesteområde.

7. Kva bør KS prioritere i utviklinga av avtaleverket for å møte framtidens arbeidskraftutfordringar og sikre forsvarlege tenester? Det kan til dømes handle om omstilling, ulike arbeidstidsordningar, oppgåvedeling og bruk av kompetanse, tiltak for å redusere fråvær og andre tiltak for å bruke arbeidskraftressursane best mogeleg, eller liknande.

Svar:

KS bør prioritere desse punkta for å handtere framtida sine arbeidskraftutfordringar:

1. Arbeidstidsordningar:

- Fleksible arbeidstidsordningar, som turnusarbeid og heilkontinuerleg drift, må vidareutviklast for å sikre betre tilpassing til ulike behov hos tilsette.
- Sikre betre ordningar for deltid, samstundes som ein reduserer ufrivillig deltid.

2. Oppgåvedeling og kompetansebruk:

- Effektivisere arbeidsprosessar ved å delegere oppgåver som ikkje krev spesialisert utdanning til andre yrkesgrupper.
- Fremje bruken av tverrfaglege team for meir effektive og fleksible løysingar.

3. Tiltak for å redusere fråvær:

- Forbetre arbeidsmiljøet gjennom systematisk oppfølging og trivselstiltak.
- Innføre tilpassa arbeid for tilsette med redusert arbeidsevne for å hindre langtidsfråvær.

4. Kompetanseutvikling:

- Leggje til rette for etter- og vidareutdanning for tilsette i samarbeid med KS og utdanningsinstitusjonar.
- Styrke stipendordningar som kan bidra til auka kompetanse og rekruttering.

Sak 9/2025 «KS Debattheft 2025. Frå forventning til verkelegheit – om mellomoppgjeret 2025 og strategisk utvikling av avtaleverket»
Formannskapet - 30.01.2025

Handsaming:

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om saka, jamfør saksgrunnlaget.

Det blir orientert vidare om saka under handsaminga i kommunestyret.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vedtak i sak 9/2025 «KS Debattheft 2025. Frå forventning til verkelegheit – om mellomoppgjeret 2025 og strategisk utvikling av avtaleverket»
Formannskapet - 30.01.2025

Tilråding til kommunestyret:

Saka er drøfta og følgande innspel vert gjeven:

Mellomoppgjeret 2025

5. Kva innspel har din kommune/fylkeskommune til KS i forkant av mellomoppgjeret 2025, til dømes knytt til: økonomisk ramme, prioriteringar, sentrale eller lokale lønstillegg og liknande?

Svar:

KS bør arbeide for ei økonomisk ramme som sikrar balanse mellom god ressursforvaltning og konkurransedyktig løn for rekruttering og stabilisering av arbeidskraft. Dette er spesielt viktig for stillingar med rekrutteringsutfordringar som helse, omsorg, tekniske fag og utdanning.

Prioriteringar:

- Prioritere stillingar med stor samfunnsverdi der rekruttering er utfordrande.
- Styrke midlar til kompetanseutvikling og etterutdanning for tilsette.

Sentrale eller lokale lønstillegg:

- I størst mogleg grad bør det vere sentrale lønstillegg.
- Lokale lønstillegg kan sikre at kommunen kan tilpasse seg spesifikke rekrutteringsbehov i ulike tenesteområde, men då må det setjast av ei reell ramme til lokale tingingar. Ei utfordring med lokale lønstillegg kan vere at det skapar konkurranse mellom kommunar og det vert ei overbyding på ulike stillingar som elles er like.

KS bør samtidig sikre ei berekraftig utvikling av sentrale tillegg som ikkje overstig budsjettmessige rammer.

Strategisk utvikling av avtaleverket

6. Dagens garantilønssystem gir stillingsgrupper med same kompetansekrav lik sentral garantilønn, uavhengig av tenesteområde. Ivaretek dette garantilønssystemet kommunen sine behov, og er det eit ønske om at det vidareførast?

Svar:

Garantilønssystemet bidrar til likestilling på tvers av stillingsgrupper, men kan vere rigid i situasjonar med sterk konkurranse om arbeidskraft. Kommunen kan ha behov for meir fleksibilitet for å gje høgare løn til kritiske stillingar der konkurransen med privat sektor er stor.

Er det eit ønske om vidareføring?

Garantilønssystemet bør vidareførast, men det er naudsynt med ein moglegheit for lokale justeringar for å betre møte behov i ulike sektorar og tenesteområde.

7. Kva bør KS prioritere i utviklinga av avtaleverket for å møte framtidens arbeidskraftutfordringar og sikre forsvarlege tenester? Det kan til dømes handle om omstilling, ulike arbeidstidsordningar, oppgåvedeling og bruk av kompetanse, tiltak for å redusere fråvær og andre tiltak for å bruke arbeidskraftressursane best mogeleg, eller liknande.

Svar:

KS bør prioritere desse punkta for å handtere framtida sine arbeidskraftutfordringar:

1. Arbeidstidsordningar:

- Fleksible arbeidstidsordningar, som turnusarbeid og heilkontinuerleg drift, må vidareutviklast for å sikre betre tilpassing til ulike behov hos tilsette.
- Sikre betre ordningar for deltid, samstundes som ein reduserer ufrivillig deltid.

2. Oppgåvedeling og kompetansebruk:

- Effektivisere arbeidsprosessar ved å delegere oppgåver som ikkje krev spesialisert utdanning til andre yrkesgrupper.
- Fremje bruken av tverrfaglege team for meir effektive og fleksible løysingar.

3. Tiltak for å redusere fråvær:

- Forbetre arbeidsmiljøet gjennom systematisk oppfølging og trivselstiltak.
- Innføre tilpassa arbeid for tilsette med redusert arbeidsevne for å hindre langtidsfråvær.

4. Kompetanseutvikling:

- Leggje til rette for etter- og vidareutdanning for tilsette i samarbeid med KS og utdanningsinstitusjonar.
- Styrke stipendordningar som kan bidra til auka kompetanse og rekruttering.

Sak 12/2025 «KS Debatthefte 2025. Frå forventning til verkelegheit – om mellomoppgjeret 2025 og strategisk utvikling av avtaleverket»
Kommunestyret - 13.02.2025

Handsaming:

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug la fram saka, jamfør saksutgreiinga.

Per Lerøy (Ap): Framlegg til tillegg til vedtak:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vert støtta, men kommunestyret ber om at merknadane frå Utdanningsforbundet Austrheim vert tekne med i vedtaket:

Nasjonale myndigheiter: «Her ønsker KS også innspill og eksempler på hva som utfordrer handlingsrommet lokalt, herunder lovkrav/ forskrifter, rundskriv/veiledere, normer/kompetansekrav, tilsyn/kontroll, ny ansvarsfordeling mellom kommune/fylkeskommune/stat, kompetanse og kapasitetsstøtte og lignende.»

Det er dette som kan få alvorlege følgjer for barna og ungdomane i Austrheim kommunen.

Konsekvensar av å fjerne normer/kompetanse:

- Mindre pengar frå Staten. Med å fjerne normer/kompetansekrav vil ein truleg få mindre pengar overført frå Staten til kommunen, fordi ein då står friare til å redusera lønsutgiftene. Me veit at det "ikkje-lovpålagte-oppgåver" som ryk først i ein pressa økonomisk situasjon.
- Sveikka læringsmiljø og større forskjellar: Større klassar og mindre individuell oppfølging vil særleg ramme elevar som treng ekstra støtte. I Austrheim har me fleire trinn som har parallellar.
- Høgare arbeidspress og sjukefråvær: Allereie høgt sjukefråvær blant tilsette i oppvekstsektoren kan forverrast med redusert bemanning, noko som kan føre til utbrentheit og lærarflukt. Høgare arbeidspress påverkar også kvaliteten på undervisninga i barnehage og skule.

· Svekka rekruttering: Lågare bemanning og større borne- og elevgrupper vil gjere det mindre attraktivt å bli lærar i barnehage og skule, noko som kan føre til endå større mangel på kvalifiserte lærarar i framtida.

Langsiktige utfordringar:

- Dårlege kutt på sikt: Reduksjon i lærartalet kan gi kortsiktige økonomiske innsparingar, men føre til større kostnader på lengre sikt gjennom enda svakare læringsutbytte og større behov for spesialundervisning.

Bekymringar frå Utdanningsforbundet:

Utdanningsforbundet åtvarar mot at dagens situasjon allereie er kritisk. Bemanningsnormene sikrar eit minimum av kvalitet og ressursar i skule og barnehage, men desse er allereie låge. Kunnskapen utdanning gir vaksne om born og danning, er avgjerande for å utdanna framtidige robuste og deltakande medborgarar.

Oppsummering

Normene for lærartettleik og bemanning er avgjerande for å sikre barna våre ein trygg og god oppvekst. Å svekke desse normene vil ramme kvaliteten på opplæringa, det kan øydelegge for ei likeverdig utdanning og svekke tilliten til skulesystemet. Me oppmodar politikarane i Austrheim til å stå opp for barna våre og sørgje for at kvaliteten i skule og barnehage ikkje blir svekka ytterlegare.

Ordførar refererte framlegg til vedtak.

Handsaming i møtet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak med tillegg frå Ap.

Vedtak i sak 12/2025 «KS Debattheft 2025. Frå forventning til verkelegheit – om mellomoppgjeret 2025 og strategisk utvikling av avtaleverket»
Kommunestyret - 13.02.2025

Saka er drøfta og følgande innspel vert gjeven:

Mellomoppgjeret 2025

5. Kva innspel har din kommune/fylkeskommune til KS i forkant av mellomoppgjeret 2025, til dømes knytt til: økonomisk ramme, prioriteringar, sentrale eller lokale lønstillegg og liknande?

Svar:

KS bør arbeide for ei økonomisk ramme som sikrar balanse mellom god ressursforvaltning og konkurransedyktig løn for rekruttering og stabilisering av arbeidskraft. Dette er spesielt

viktig for stillingar med rekrutteringsutfordringar som helse, omsorg, tekniske fag og utdanning.

Prioriteringar:

-Prioritere stillingar med stor samfunnsverdi der rekruttering er utfordrande.

-Styrke midlar til kompetanseutvikling og etterutdanning for tilsette.

Sentrale eller lokale lønstillegg:

-I størst mogleg grad bør det vere sentrale lønstillegg.

-Lokale lønstillegg kan sikre at kommunen kan tilpasse seg spesifikke rekrutteringsbehov i ulike tenesteområde, men då må det setjast av ei reell ramme til lokale tingingar. Ei utfordring med lokale lønstillegg kan vere at det skapar konkurranse mellom kommunar og det vert ei overbyding på ulike stillingar som elles er like.

KS bør samtidig sikre ei berekraftig utvikling av sentrale tillegg som ikkje overstig budsjettmessige rammer.

Strategisk utvikling av avtaleverket

6. Dagens garantilønssystem gir stillingsgrupper med same kompetansekrav lik sentral garantilønn, uavhengig av tenesteområde. Ivaretek dette garantilønssystemet kommunen sine behov, og er det eit ønske om at det vidareførast?

Svar:

Garantilønssystemet bidrar til likestilling på tvers av stillingsgrupper, men kan vere rigid i situasjonar med sterk konkurranse om arbeidskraft. Kommunen kan ha behov for meir fleksibilitet for å gje høgare løn til kritiske stillingar der konkurransen med privat sektor er stor.

Er det eit ønskje om vidareføring?

Garantilønssystemet bør vidareførast, men det er naudsynt med ein moglegheit for lokale justeringar for å betre møte behov i ulike sektorar og tenesteområde.

7. Kva bør KS prioritere i utviklinga av avtaleverket for å møte framtidens arbeidskraftutfordringar og sikre forsvarlege tenester? Det kan til dømes handle om omstilling, ulike arbeidstidsordningar, oppgåvedeling og bruk av kompetanse, tiltak for å redusere fråvær og andre tiltak for å bruke arbeidskraftressursane best mogeleg, eller liknande.

Svar:

KS bør prioritere desse punkta for å handtere framtida sine arbeidskraftutfordringar:

1. Arbeidstidsordningar:

-Fleksible arbeidstidsordningar, som turnusarbeid og heilkontinuerleg drift, må vidareutviklast for å sikre betre tilpassing til ulike behov hos tilsette.

-Sikre betre ordningar for deltid, samstundes som ein reduserer ufrivillig deltid.

2. Oppgåvedeling og kompetansebruk:

-Effektivisere arbeidsprosessar ved å delegere oppgåver som ikkje krev spesialisert utdanning til andre yrkesgrupper.

-Fremje bruken av tverrfaglege team for meir effektive og fleksible løysingar.

3. Tiltak for å redusere fråvær:

-Forbetre arbeidsmiljøet gjennom systematisk oppfølging og trivselstiltak.

-Innføre tilpassa arbeid for tilsette med redusert arbeidsevne for å hindre langtidsfråvær.

4. Kompetanseutvikling:

-Leggje til rette for etter- og vidareutdanning for tilsette i samarbeid med KS og utdanningsinstitusjonar.

-Styrke stipendordningar som kan bidra til auka kompetanse og rekruttering.

Nasjonale myndigheiter: «Her ønsker KS også innspill og eksempler på hva som utfordrer handlingsrommet lokalt, herunder lovkrav/ forskrifter, rundskriv/veiledere, normer/kompetansekrav, tilsyn/kontroll, ny ansvarsfordeling mellom kommune/fylkeskommune/stat, kompetanse og kapasitetsstøtte og lignende.»

Det er dette som kan få alvorlege følgjer for barna og ungdomane i Austrheim kommunen.

Konsekvensar av å fjerne normer/kompetanse:

· Mindre pengar frå Staten. Med å fjerne normer/kompetansekrav vil ein truleg få mindre pengar overført frå Staten til kommunen, fordi ein då står friare til å redusera lønsutgiftene. Me veit at det "ikkje-lovpålagte-oppgåver" som ryk først i ein pressa økonomisk situasjon.

· Svekka læringsmiljø og større forskjellar: Større klassar og mindre individuell oppfølging vil særleg ramme elevar som treng ekstra støtte. I Austrheim har me fleire trinn som har parallelar.

· Høgare arbeidspress og sjukefråvær: Allereie høgt sjukefråvær blant tilsette i oppvekstsektoren kan forverrast med redusert bemanning, noko som kan føre til utbrentheit og lærarflukt. Høgare arbeidspress påverkar også kvaliteten på undervisninga i barnehage og skule.

· Svekka rekruttering: Lågare bemanning og større borne- og elevgrupper vil gjere det mindre attraktivt å bli lærar i barnehage og skule, noko som kan føre til endå større mangel på kvalifiserte lærarar i framtida.

Langsiktige utfordringar:

• Dårlege kutt på sikt: Reduksjon i lærartalet kan gi kortsiktige økonomiske innsparingar, men føre til større kostnader på lengre sikt gjennom enda svakare læringsutbytte og større behov for spesialundervisning.

Bekymringar frå Utdanningsforbundet:

Utdanningsforbundet åtvarar mot at dagens situasjon allereie er kritisk. Bemanningsnormene sikrar eit minimum av kvalitet og ressursar i skule og barnehage, men desse er allereie låge. Kunnskapen utdanning gir vaksne om born og danning, er avgjerande for å utdanna framtidige robuste og deltakande medborgarar.

Oppsummering

Normene for lærartettleik og bemanning er avgjerande for å sikre barna våre ein trygg og god oppvekst. Å svekke desse normene vil ramme kvaliteten på opplæringa, det kan øydelegge for ei likeverdig utdanning og svekke tilliten til skulesystemet. Me oppmodar politikarane i Austrheim til å stå opp for barna våre og sørge for at kvaliteten i skule og barnehage ikkje blir svekka ytterlegare.

PS 13/2025 Vurdering av Eigarskapsmodell for nytt Basseng

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtek Stiftelse som organisasjonsform for å eige og drifta nytt symjebasseng i Austrheim kommune.

Sak 17/2025 Vurdering av Eigarskapsmodell for nytt Basseng
Formannskapet - 30.01.2025

Handsaming:

Sakshandsamar Christopher Marius Straumøy orienterte om saka, jamfør saksgrunnlaget.

Per Lerøy (Ap) ba om at saka vart utsett, slik at det kan handsamast betre i partigruppene. Viste til at det er åtvara mot stifting som organisasjonsmåte, sidan det er lite styring på ei stifting.

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug viste til at det jobba på fleire måtar med bassengprosjektet, og at stifting har noko å seia for korleis det vert å få støtte.

Sakshandsamar Christopher Marius Straumøy svara om stifting at det er rett at ein har mindre styring på stifting enn andre selskapsformer, men at det i første omgang er lite midlar som kommunen skal inn med, og kommunen er komfortabel med denne organisasjonsforma. Må leggja inn i vedtektene dei vilkåra som skal til for å sikra at ein kan få momsrefusjon og spelemidlar til prosjektet.

Hege Ramsland (H) sa vedtektene må jobbast med for å sikra at alt er OK.

Per Lerøy sa at det er OK å handsama saka no, og trakk dermed utsettingsframlegget.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vedtak i sak 17/2025 Vurdering av Eigarskapsmodell for nytt Basseng
Formannskapet - 30.01.2025

Formannskapet si tilråding til kommunestyret:

Kommunestyret vedtek Stiftelse som organisasjonsform for å eige og drifta nytt symjebasseng i Austrheim kommune.

Sak 13/2025 Vurdering av Eigarskapsmodell for nytt Basseng
Kommunestyret - 13.02.2025

Handsaming:

Jurist Christopher Marius Straumøy la fram saka jamfør saksutgreiinga.

Ordførar refererte framlegg til vedtak.

Handsaming i møtet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 13/2025 Vurdering av Eigarskapsmodell for nytt Basseng
Kommunestyret - 13.02.2025

Kommunestyret vedtek Stiftelse som organisasjonsform for å eige og drifta nytt symjebasseng i Austrheim kommune.

PS 14/2025 Garanti Austrheim Sokn - Refinansiering og nytt låneopptak

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Sak 12/2025 Garanti Austrheim Sokn - Refinansiering og nytt låneopptak
Formannskapet - 30.01.2025

Handsaming:

Økonomisjef Odd Harald Dommersnes orienterte om saka, jamfør saksgrunnlaget. Dette er ei sak som er handsama tidlegare, men ordlyden var ikkje nøyaktig nok i vedtaksteksten frå Austrheim sokn. No er dette retta, og formannskap og kommunestyre må gjera vedtak på nytt.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vedtak i sak 12/2025 Garanti Austrheim Sokn - Refinansiering og nytt låneopptak
Formannskapet - 30.01.2025

Formannskapet si tilråding til kommunestyret:

1. Austrheim Kommune innvilgar Austrheim Sokn ein sjølvskuldnargaranti på kroner 3 500 000 - som tryggleik for lån.
2. Garantien gjeld for lånet sin hovudstol maks kroner 3 500 000 ,- med tillegg av 10 % av til ein kvar tid gjeldande hovudstol til dekning av eventuelle på løypte renter og omkostningar.
3. Kommunen sitt maksimale garantiansvar kan ikkje overstiga kr 3 500 000 + 10 %, totalt kr 3 850 000,-.
4. Garantien er gyldig frå utbetalingsdato og i 38 år.
5. Garantiansvaret reduserast i takt med nedbetalinga av lånet og opphøyre etter 38 år med tillegg på 2 år, jf.. garantiforskrifta sin paragraf 3.
6. Garantien må godkjennast av Statsforvaltaren før den er endeleg, jf.. kommunelova § 14. (Statsforvaltaren si godkjenning krevst berre for garantiar som overstig kommunen si beløpsgrense for godkjenning av garantiar).

Sak 14/2025 Garanti Austrheim Sokn - Refinansiering og nytt låneopptak

Kommunestyret - 13.02.2025

Handsaming:

Økonomi-og HR-sjef la fram saka jamfør saksutgreiinga.

Ordførar refererte framlegg til vedtak.

Handsaming i møtet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 14/2025 Garanti Austrheim Sokn - Refinansiering og nytt låneopptak

Kommunestyret - 13.02.2025

1. Austrheim Kommune innvilgar Austrheim Sokn ein sjølvskuldnargaranti på kroner 3 500 000 - som tryggleik for lån.
2. Garantien gjeld for lånet sin hovudstol maks kroner 3 500 000 ,- med tillegg av 10 % av til ein kvar tid gjeldande hovudstol til dekning av eventuelle på løypte renter og omkostningar.
3. Kommunen sitt maksimale garantiansvar kan ikkje overstiga kr 3 500 000 + 10 %, totalt kr 3 850 000,-.
4. Garantien er gyldig frå utbetalingsdato og i 38 år.

5. Garantiansvaret reduserast i takt med nedbetalinga av lånet og opphøyre etter 38 år med tillegg på 2 år, jf.. garantiforskrifta sin paragraf 3.

6. Garantien må godkjennast av Statsforvaltaren før den er endeleg, jf.. kommunelova § 14. (Statsforvaltaren si godkjenning krevst berre for garantiar som overstig kommunen si beløpsgrense for godkjenning av garantiar).

PS 15/2025 Utvida kassakreditt

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

- 1.Kommunestyre vedtek at ein aukar ramma på kassekreditt frå 15 til 20 millionar kroner.

Sak 13/2025 Utvida kassakreditt

Formannskapet - 30.01.2025

Handsaming:

Økonomisjef Odd Harald Dommersnes orienterte om saka, jamfør saksgrunnlaget.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vedtak i sak 13/2025 Utvida kassakreditt

Formannskapet - 30.01.2025

Formannskapet si tilråding til kommunestyret:

- 1.Kommunestyre vedtek at ein aukar ramma på kassekreditt frå 15 til 20 millionar kroner.

Sak 15/2025 Utvida kassakreditt

Kommunestyret - 13.02.2025

Handsaming:

Økonomi-og HR-sjef la fram saka jamfør saksutgreiinga.

Ordførar refererte framlegg til vedtak.

Handsaming i møtet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 15/2025 Utvida kassakreditt

Kommunestyret - 13.02.2025

Kommunestyre vedtek at ein aukar ramma på kassekreditt frå 15 til 20 millionar kroner.

PS 16/2025 Prioritering av midlar til kulturbygg i kommunen

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

- 1.Litlås sanitetshus og Austrheim samfunnshus får kvart eit fast tilskot på kr 25 000,-.
- 2.Kommunen utarbeider retningslinjer for søknads- og tildelingsprosess for dei resterande kr 50 000,-.
- 3.Midlane skal fordelast frå og med 2025, i samsvar med dei nye retningslinjene.

Sak 8/2025 Prioritering av midlar til kulturbygg i kommunen

Formannskapet - 30.01.2025

Handsaming:

I denne saka var Morten Sognnes (H) og Hege Ramsland (H) ugilde.

Varaordførar Per Lerøy (Ap) gjekk inn som ordførar.

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) spurte kring dette at to mottakarar får støtte utan å søka.

Ann Kristin Leirvåg (Ap) sa at dette er støtte til dei to største samlingshusa i kommunen, samfunnshuset som er størst og Litlås sanitetshus som er størst på Kaland-sida.

Per Lerøy (Ap) viste til at det her handlar om fråfall av inntekter for bruk som har opphørt etter at kommunen har flytta egne møte til kommunehuset.

Ordfører Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes (alle tre) for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vedtak i sak 8/2025 Prioritering av midlar til kulturbygg i kommunen

Formannskapet - 30.01.2025

Tilråding til kommunestyret:

- 1.Litlås sanitetshus og Austrheim samfunnshus får kvart eit fast tilskot på kr 25 000,-.
- 2.Kommunen utarbeider retningslinjer for søknads- og tildelingsprosess for dei resterande kr 50 000,-.
- 3.Midlane skal fordelast frå og med 2025, i samsvar med dei nye retningslinjene.

Sak 16/2025 Prioritering av midlar til kulturbygg i kommunen

Kommunestyret - 13.02.2025

Handsaming:

Ordfører Morten Sognnes (H) og medlem Hege Ramsland (H) er vurdert som ugilde i saka og tredde ut av møte.

Varaordfører Per Lerøy (Ap) gjekk inn som møteleiar.

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug la fram saka jamfør saksutgreiinga.

Varaordfører refererte framlegg til vedtak.

Handsaming i møtet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 16/2025 Prioritering av midlar til kulturbygg i kommunen

Kommunestyret - 13.02.2025

- 1.Litlås sanitetshus og Austrheim samfunnshus får kvart eit fast tilskot på kr 25 000,-.
- 2.Kommunen utarbeider retningslinjer for søknads- og tildelingsprosess for dei resterande kr 50 000,-.
- 3.Midlane skal fordelast frå og med 2025, i samsvar med dei nye retningslinjene.

PS 17/2025 Flagging på Nordliheimen

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunedirektøren tilrår at ein held fast ved at tradisjon med å flagge på halv stang ved dødsfall på Nordliheimen er avslutta

Sak 4/2025 Flagging på Nordliheimen

Levekårsutvalet - 23.01.2025

Handsaming:

Kommunalsjef Anne Hildegunn Færøy orienterte om bakgrunn for saka.

Levekårsutvalet drøfta saka.

Per Lerøy (Ap) la fram fellesframlegg frå Ap, H og INP: Austrheim kommune tek opp att tradisjonen ein har hatt sidan opninga av Nordliheimen i 1965 med flagging på halv stang ved dødsfall på Nordliheimen dersom dei pårørande ønskjer det.

Handsaming i Levekårsutvalet.:

Leiar Terje Håland refererte kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak og framlegget lagt fram i møte:

Kommunedirektøren sitt framlegg fekk to røyster (Bjarte Næss (Sp) og Linda Brandtun Uavh.), framlegget i møte fekk fire røyster (Terje Håland Ap, Helge Dyrkolbotn Uavh. , Per Lerøy Ap og Lisbeth Oen INP).

Framlegget frå AP, H og INP vart vedteke.

Vedtak i sak 4/2025 Flagging på Nordliheimen

Levekårsutvalet - 23.01.2025

Levekårsutvalet si tilråding:

Austrheim kommune tek opp att tradisjonen ein har hatt sidan opninga av Nordliheimen i 1965 med flagging på halv stang ved dødsfall på Nordliheimen dersom dei pårørande ønskjer det.

Sak 5/2025 Flagging på Nordliheimen

Formannskapet - 30.01.2025

Handsaming:

Anne Hildegunn Færøy orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Per Lerøy (Ap) viste til handsaminga i Levekårsutvalet, der fleirtalsvedtaket er: Austrheim kommune tek opp att tradisjonen ein har hatt sidan opninga av Nordliheimen i 1965 med flagging på halv stang ved dødsfall på Nordliheimen dersom dei pårørande ønskjer det.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for Levekårsutvalet sitt framlegg til vedtak

Vedtak i sak 5/2025 Flagging på Nordliheimen

Formannskapet - 30.01.2025

Formannskapet si tilråding til kommunestyret:

Austrheim kommune tek opp att tradisjonen ein har hatt sidan opninga av Nordliheimen i 1965 med flagging på halv stang ved dødsfall på Nordliheimen, dersom dei pårørande

ønskjer det.

Sak 17/2025 Flagging på Nordliheimen
Kommunestyret - 13.02.2025

Handsaming:

Kommunalsjef Anne Hildegunn Færøy la fram saka jamfør saksutgreiinga.

Terje Håland (Ap) - refererte vedtak frå Levekårsutvalet.

Ingebord Hordvik (SL) tok også ordet i saka.

Ordførar refererte framlegg til vedtak.

Handsaming i møtet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 17/2025 Flagging på Nordliheimen
Kommunestyret - 13.02.2025

Formannskapet 30.01.2025

Formannskapet si tilråding til kommunestyret:

Austrheim kommune tek opp att tradisjonen ein har hatt sidan opninga av Nordliheimen i 1965 med flagging på halv stang ved dødsfall på Nordliheimen, dersom dei pårørande ønskjer det.

PS 18/2025 Søknad om permisjon frå kommunestyre og kontrollutval
- Oskar Nordgard

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet rår kommunestyret til å gje Oskar Nordgard (H) permisjon frå vervet som kommunestyrerepresentant, i eitt år fram til og med 31. januar 2026. Nordgard har ikkje høve til å tre inn igjen i vervet før fritaksperioden er over, men er tilbake i kommunestyret frå 1. februar 2027.

Formannskapet rår kommunestyret til å velja nytt kontrollutval, med denne samansettinga:

Fast representant Vararepresentant som er personleg vara

Jan Erik Espelid (SL) - leiar Tore Svendsen (SL)

Britt M. Skålevik Lerøy (Ap) - nestleiar Kristian Semmingsen Lerøy (Ap)

Therese Vik (INP) Kari Anne Fadnes (INP)

Joakim Haglund (Sp) Inger Turid Øksnes (Sp)

(Høgre kjem med kandidat før FS 30/1) (H) Stig Anders Totland (H)

Sak 14/2025 Søknad om permisjon frå kommunestyre og kontrollutval - Oskar Nordgard
Formannskapet - 30.01.2025

Handsaming:

Sakshandsamar Ketil Tjore orienterte om saka, jamfør saksgrunnlaget.

Høgre kjem med namn til kontrollutvalet innan møtet i kommunestyret 13. februar.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vedtak i sak 14/2025 Søknad om permisjon frå kommunestyre og kontrollutval - Oskar Nordgard
Formannskapet - 30.01.2025

Formannskapet si tilråding til kommunestyret:

Kommunestyret gjev Oskar Nordgard (H) permisjon frå vervet som kommunestyrerepresentant, i eitt år fram til og med 31. januar 2026. Nordgard har ikkje høve til å tre inn igjen i vervet før fritaksperioden er over, men er tilbake i kommunestyret frå 1. februar 2027.

Kommunestyret vel nytt kontrollutval, med denne samansettinga:

Fast representant Vararepresentant som er personleg vara
Jan Erik Espelid (SL) - leiar Tore Svendsen (SL)

Britt M. Skålevik Lerøy (Ap) - nestleiar Kristian Semmingsen Lerøy (Ap)

Therese Vik (INP) Kari Anne Fadnes (INP)

Joakim Haglund (Sp) Inger Turid Øksnes (Sp)

(Høgre kjem med kandidat før KS 13/2) (H) Stig Anders Totland (H)

Sak 18/2025 Søknad om permisjon frå kommunestyre og kontrollutval - Oskar Nordgard
Kommunestyret - 13.02.2025

Handsaming:

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug la fram saka jamfør saksutgreiinga.

Det vart peika på at dato i siste setning har feil årstal, det skal vere 2026.

Leiar i valutvalet Aslak Bakke (H) sa at dei ikkje var i havn med representant til kontrollutvalet og at det kjem til neste møte.

Ordførar refererte framlegg til vedtak.

Handsaming i møtet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak, men endring i siste setning, dato skal vere 1. februar 2026..

Vedtak i sak 18/2025 Søknad om permisjon frå kommunestyre og kontrollutval - Oskar Nordgard
Kommunestyret - 13.02.2025

Kommunestyret gjev Oskar Nordgard (H) permisjon frå vervet som kommunestyrerepresentant, i eitt år fram til og med 31. januar 2026. Nordgard har ikkje

høve til å tre inn igjen i vervet før fritaksperioden er over, men er tilbake i kommunestyret frå 1. februar 2026.

PS 19/2025 Revidering av reglement for Levekårsutvalet

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret vedtek framlegg til reviderte retningslinjer for Levekårsutvalet, slik det er framstilt i saksframlegget, med verknad frå vedtaksdato.

Sak 11/2025 Revidering av reglement for Levekårsutvalet
Formannskapet - 30.01.2025

Handsaming:

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om saka, jamfør saksgrunnlaget.

Saka var diskutert i sist møte i Levekårsutvalet, den 23. januar 2025, og kommunedirektøren vil gjera rettingar og endringar som er i tråd med dette.

Ordførar Morten Sognes (H) refererte framlegget til vedtak

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vedtak i sak 11/2025 Revidering av reglement for Levekårsutvalet
Formannskapet - 30.01.2025

Tilråding til kommunestyret:

Kommunestyret vedtek framlegg til reviderte retningslinjer for Levekårsutvalet, slik det er framstilt i saksframlegget, med verknad frå vedtaksdato.

Sak 19/2025 Revidering av reglement for Levekårsutvalet
Kommunestyret - 13.02.2025

Handsaming:

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug la fram saka, jamfør saksutgreiinga.

Ordførar refererte framlegg til vedtak.

Handsaming i møtet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 19/2025 Revidering av reglement for Levekårsutvalet
Kommunestyret - 13.02.2025

Kommunestyret vedtek framlegg til reviderte retningslinjer for Levekårsutvalet, slik det er framstilt i saksframlegget, med verknad frå vedtaksdato.

PS 20/2025 Aksjonæravtale med Norsk kjernekraft

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet/kommunestyret godkjenner at administrasjonen forhandlar fram aksjonæravtalen mellom Austrheim kommune og Norsk Kjernekraft AS for oppretting av Fensfjorden Kjernekraft AS. Ordføraren vert gjeven fullmakt til å signere den endelege avtalen.

Sak 15/2025 Aksjonæravtale med Norsk kjernekraft
Formannskapet - 30.01.2025

Handsaming:

Under handsaminga av denne saka var møtet lukka, med heimel i Forvaltningslova § 13. 2., jamfør "forretningsforhold av konkurransemessig betydning"

Kommunalsjef Bjarte Rosenlund orienterte om saka, jamfør saksgrunnlaget.

Rosenlund viste til at kommunen sin økonomiske risiko i denne omgang er dei midlane kommunen går inn med no. Det kan vera 200.000 kroner som i avtalen no, eller 100.000 om ein går inn på like vilkår med Alver kommune. Ev. at Alver kommune går inn aleine og Austrheim går ikkje med i dette.

Jurist Christopher Marius Straumøy orienterte om juridiske punkt rundt selskapsavtalen.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vedtak i sak 15/2025 Aksjonæravtale med Norsk kjernekraft

Formannskapet - 30.01.2025

Formannskapet si tilråding til kommunestyret:

Kommunestyret godkjenner at administrasjonen forhandlar fram aksjonæravtalen mellom Austrheim kommune og Norsk Kjernekraft AS for oppretting av Fensfjorden Kjernekraft AS. Ordføraren vert gjeven fullmakt til å signere den endelege avtalen.

Sak 20/2025 Aksjonæravtale med Norsk kjernekraft

Kommunestyret - 13.02.2025

Handsaming:

Under handsaminga av denne saka var møtet lukka, med heimel i Forvaltningslova § 13. 2., jamfør "forretningsforhold av konkurransemessig betydning"

Jurist Christopher Marius Straumøy delte ut utkast til avtale i papir og la fram saka jamfør saksutgreiinga.

Utkast til avtale vart samla inn att etter at vedtak i saka var gjort.

Susanne Møgster Sperrevik frå Norsk Kjernekraft deltok også under handsaming av saka.

Tore Svendsen (SL) framlegg til vedtak:

1. Uansett kor mykje Austrheim kommune legg inn av midlar skal kommunen ha ein representant i styret.
2. Avtala skal tilbake til kommunestyret for godkjenning når ordførar har forhandla fram.

Per Lerøy (Ap) - framlegg til vedtak: Formannskapet/kommunestyret godkjenner at administrasjonen forhandlar fram aksjonæravtalen mellom Austrheim kommune og Norsk Kjernekraft AS for oppretting av Fensfjorden Kjernekraft AS. Ein eventuell avtale må behandlast og godkjennast av formannskapet og kommunestyret før ordføraren kan signere ein endeleg avtale.

Fellesframlegg:

Formannskapet/kommunestyret godkjenner at administrasjonen forhandlar fram aksjonæravtalen mellom Austrheim kommune og Norsk Kjernekraft AS for oppretting av Fensfjorden Kjernekraft AS. Som vertskommune skal Austrheim kommune ha rett til å utpeika minst eitt styremedlem sjølv om eigardelen fell under 10%. Ein eventuell avtale må behandlast og godkjennast av formannskapet og kommunestyret før ordføraren kan signere ein endeleg avtale.

Kristoffer Myklebusthaug (H), Frank Erik Øksnes (uavh.), Aslak Bakke (H) og Reidar Øksnes (Sp), Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp), Ingeborg Hordvik (SL) og Reidar Ulvøy (Ap) tok ordet i saka.

Ordførar refererte fellesframlegget.

Handsaming i møtet:

Samrøystes for fellesframlegget som vart lagt fram i møte.

Vedtak i sak 20/2025 Aksjonæravtale med Norsk kjernekraft

Kommunestyret - 13.02.2025

Kommunestyret godkjenner at administrasjonen forhandlar fram aksjonæravtalen mellom Austrheim kommune og Norsk Kjernekraft AS for oppretting av Fensfjorden Kjernekraft AS. Som vertskommune skal Austrheim kommune ha rett til å utpeika minst eitt styremedlem sjølv om eigardelen fell under 10%. Ein eventuell avtale må behandlast og godkjennast av formannskapet og kommunestyret før ordføraren kan signere ein endeleg avtale.

PS 21/2025 Arbeidsgruppe for nybygg eller rehabilitering av Austrheim vidaregåande skule.

Sak 21/2025 Arbeidsgruppe for nybygg eller rehabilitering av Austrheim vidaregåande skule.

Kommunestyret - 13.02.2025

Handsaming:

Varaordførar Per Lerøy (Ap) orienterte om møte i regi av regionrådet med fylket og Austrheim vidaregåande skule, som ordførar hadde sendt til han.

Framlegg til vedtak: Kommunestyret ber om at kommunedirektøren legg fram forslag for formannskapet til ei arbeidsgruppe som skal ha som mandat å realisere eit nybygg eller ei kraftig oppgradering av Austrheim vidaregåande skule i tråd med opplæringsutvalet i Vestland fylkeskommune sitt vedtak 13. februar 2025.

Handsaming i møtet:

Samrøystes for framlegg til vedtak sett fram i møte.

Vedtak i sak 21/2025 Arbeidsgruppe for nybygg eller rehabilitering av Austrheim vidaregåande skule.

Kommunestyret - 13.02.2025

Kommunestyret ber om at kommunedirektøren legg fram forslag for formannskapet til ei arbeidsgruppe som skal ha som mandat å realisere eit nybygg eller ei kraftig oppgradering av Austrheim vidaregåande skule i tråd med opplæringsutvalet i Vestland fylkeskommune sitt vedtak 13. februar 2025.